



Nav Meland v/leiar Arngunna Haga
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Siren Rørgård Skjerven, 5764 3184

Gjeld kvalifiseringsprogrammet

Vi viser til vårt brev av 26.04.2019 der vi bad om informasjon om kvalifiseringsprogrammet (KVP) frå Meland kommune. Vidare viser vi til dykkar svar av 29.05.2019 på vår førespurnad, og vi takkar for tilbakemelding i saka.

Forventa tal KVP-deltakarar i Meland kommune er 7,8 deltakarar per måned pluss/minus 30 %, jf. statistikk frå Arbeids- og velferdsdirektoratet av 09.04.2019. Det forventa nivået er basert på kommunefordelinga av KVP bevillingar over statsbudsjettet i 2013 og må sjåast som rettleiande då mykje har endra seg sidan den gang, difor står det pluss/minus 30 %. Føringar frå departementet er at overføringane til KVP er som tidlegare, men at beløpet no er i rammefinansiering til kommunane. Måltala skal nyttast med varsemd og gir berre ein indikasjon på kor høgt talet KVP-deltakarar bør vere.

De opplyser at de har god oversikt over personar som er registrert i Nav, og oversikta gjer at de kan rettleie personar til å søkje andre ytingar. Det er få personar i kommunen med nedsett arbeidsevne som har økonomisk stønad som einaste yting, og ved gjennomgang vurderer de at det få personar som er aktuelle for KVP i dag. De opplyser at innbyggjarane må få dei tenestene dei har krav på og at dei blir gitt tiltak som best hjelper dei vidare. De vurderer at det å setje personar på langvarige program i enkelte tilfelle kan hindre personar i å bli sjølvforsørga.

KVP er ei lovpålagt oppgåve for alle kommunar, og er ein rett for dei som fyller vilkåra etter sosialtenestelova paragraf 29, uavhengig av måltal. Målgruppa vil i stor grad omfatte personar som utan program ville vore avhengig av økonomisk stønad til livsopphald som hovudinntektskjelde, men personar som ikkje mottar økonomisk stønad vil også vere i målgruppa dersom inntektsevna gjennom arbeid er vesentleg nedsett, sjå rundskrivet punkt 4.29.1.4. Målet med KVP er arbeid, og innhaldet i programmet skal tilpassast den enkelte sine behov og føresetnader, og evaluerast undervegs. Den vesentlegaste delen av programmet skal bestå av tiltak som direkte forventast å styrke deltakars moglegheit for overgang til arbeid, sjå paragraf 30. KVP kan gis så lenge deltakar fyller vilkåra i sosialtenestelova paragraf 29, men ikkje lenger enn to år, sjå paragraf 32. Ved innvilging er det mogeleg å gjere vedtak på kortare enn eit år utan at deltakar «mister» programtid. Rapportering frå Nav-kontor viser at 49 % av KVP-deltakarane i landet får arbeid etter end program, jf. kommunebrevet 2019.



Det er viktig at leiinga i kommunen, ved styringsaktivitet, sikrar at KVP er tilgjengeleg, her under at det blir gitt informasjon om KVP til innbyggjarane, til potensielle søkarar som tar kontakt på Nav-kontoret, og at det gjerast forsvarlege identifikasjonsprosessar.

Vi minner om at Nav-kontoret kvar måned rapporterer til Arbeids- og velferdsdirektoratet om KVP, gjennom SurveyXact. Arbeids- og velferdsdirektoratet har bedt oss ta opp manglande KVP rapportering med dei kontor som ikkje rapporterer kvar måned, i mail av 29.05.2019. Talmaterialet i rapporteringa er viktig både for direktoratet og for Fylkesmennene i arbeidet med KVP.

Dersom de har spørsmål til dette brevet, eller til KVP-regelverket, så ta gjerne kontakt.

Med helsing

Linda Kråkenes e.f.
seniorrådgjevar

Siren Rørgård Skjerven
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Meland kommune v/rådmann